



www.holil.no

Topptur 2010

Hol Idrettslag ynskjer velkomen til ein ny sesong med toppturar. I år har vi laga til 10 punkt/fjelltoppar du kan besøke. Tek du utgangspunkt i tur og fritidskarta til Hol kommune, (Heiter Geilo og Hallingskarvet) vil du finne fram til alle dei punkta vi har plukka ut. Karta kan kjøpast i dei fleste butikkane.

Nytt av året er at bøkane vil bli hangande ute heile året, men dette gjeld ikkje posten på Brynuten og i Hivjufossen som heng oppe kunn om sumaren. I januar 2011 vil vi trekke ut 5 fine gevinstar til dei som har besøkt ein eller fleire av toppane og skrevet namnet sitt i turboka. Vi krev ikkje att du har besøkt alle postane for å vera med i trekninga av premiane, men du må ha betalt deltakaravgift på 50 kr til Hol idrettslag. Konto nr 2333.22.34676 innan 31.12.2010. I turkassa ligg det ein blokk med post-it lappar, ta ein slik og skriv ned konto nr du skal betala deltakaravgifta til, så gløymer du ikkje konto nummeret til du kjem heim.

Her er ei liste over dei punkta vi har vald ut i år:

<u>Namn på topp</u>	<u>Sted</u>	<u>Høgde</u>	<u>Posten heng oppe</u>
Brenthovd	Holsåsen	1243 m.o.h	Heile året
Øystlihovda	Holsåsen	1139 m.o.h	Heile året
Slettostolen (Sletto)	Hol	890 m.o.h	Heile året
Oddnakk	Kvisla	1192 m.o.h	Heile året
Brynuten	Hovet	1019 m.o.h	Sumaren
Hivjufossen	Hovet	977 m.o.h	Sumaren
Millomfjellet (Randevarden)	Sudndalen	1269 m.o.h	Heile året
Panorama Skihytte	Sudndalen	1059 m.o.h	Heile året
Einsetnuten	Sudndalen	1245 m.o.h	Heile året
Sundhellerskarvet	Geiteryggen	1612 m.o.h	Heile året

Det er stort sett merka stigar/løyper fram til alle dei punkta vi har vald ut, men det er opp til deg sjølv å velje den ruta du har lyst til å gå. Vi minner om at du må tenkje på eigen sikkerheit med tanke på vær, føre, bekkar og snøforhold. Du må også syne omsut til dei dyra som ferdast i fjellet, ha derfor hunden i band. Som du ser av kartet er nokre av turane meir krevjande enn andre, men nokon av dei bør vera tilgjengeleg for dei fleste. Når det gjeld Slettostolen, finn du den rett ned for bommen på veggen opp til Holsåsen. (Ikkje merka på karta)

Vi ynskjer deg ein god tur og er det noko du lurar på, så ring Kjell Haugo på tlf 91700604.

Venleg helsing
Hol Idrettslag

PS: Hugs og stenge kassene godt, slik at det ikkje kjem regn og snø nedi dei.